

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 30.05.2014

SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen

SAKA GJELD: **Sal av eiegenomen Skogheim på Valen**

ARKIVSAK: 2013/852/

STYRESAK: 072/14

STYREMØTE: 18.06.2014

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret sluttar seg til sal av eiegenomen Skogheim, gnr. 185 bnr. 184 i Kvinnherad kommune.
2. Styret føreset at eiegenomen blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eiegenomen.

Oppsummering

Styret i Helse Fonna HF har gjort vedtak om sal av eigedomen Skogheim på Valen. Bygget er i dårleg forfatning, og det vil krevja forholdsvis store ressursar å rehabilitere bygget. Helseføretaket har ikkje behov eller planar for bygget og tilrår derfor at det blir avhenda.

Administrerande direktør tilrår at det blir gitt tilslutning til sal.

Fakta

Styret i Helse Fonna gjorde i styremøte 21. mai 2014 følgjande vedtak i sak 43/14A, Sal av Skogheim, eigedom ved Valen sjukehus:

1. Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Skogheim, Sjukehusvegen 48 i Kvinnherad kommune.
2. Saka skal sendast til Helse vest RHF for vidare handsaming.

Saksførelegget for nemnde styresak 43/14A (Helse Fonna HF) følgjer vedlagt.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretaket, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 millionar kroner er det ikkje naudsynt å leggja saka fram for departementet.

Eigedomen Skogheim, gnr. 185 bnr. 184 i Kvinnherad kommune, består av eit bygg som blei satt opp og brukt som arbeidsbrakke under bygging av søsterheimen ved Valen sjukehus. Bygget er i dårleg forfatning, og det vil krevja forholdsvis store ressursar å rehabilitere bygget.

Bygget har ein bokført verdi per 1. april 2014 på kr. 858.504,-. Tomteverdien er satt til kr. 144.000,-.

Samla teknisk tilstand er satt til 2,95. Tilstandsgrad er gitt etter NS 3424 med ein gradering frå tilstandsgrad 0 (beste tilstandsgrad) til tilstandsgrad 3 (svakeste tilstandsgrad).

Helse Fonna har opplyst at dei ikkje har behov eller planar for bygget og tilrår derfor at bygget blir avhenda.

Konklusjon

Administrerande direktør sluttar seg til dei vurderingane som er gjort av Helse Fonna og tilrår at styret i Helse Vest RHF gir sin tilslutning til sal av eigedomen. Ein legg til grunn at eigedomene blir lagt ut for sal på den opne marknaden.